




Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200202684-58/540/BAHA


Bergen, 08. desember 2006

Høring - forslag til endringer i opplæringslova og friskolelova

Hordaland fylkeskommune handsama høring – forslag til endringer i opplæringslova og friskolelova datert 30. oktober i fylkesutvalet 06.12.06.

Fylkesutvalet fatta slikt vedtak:

1. Då ingen andre nordisk land har lovregulering av reklame i skolen, men har retningslinjer om marknadsføring og sponing, bør slike også utarbeidast i Noreg. Skoleeigar skal vere den som vurderer kva som er uønskt påverknad av elevar. Hordaland fylkeskommune er av den oppfatning at fylkeskommunen har ei bevisst haldning til reklame/sponing i skolen og skal utarbeide retningslinjer for korleis eventuell reklame/sponing skal brukast. Under desse føresetnadene går vi imot lovforslag om forbod av reklame/sponing.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til dei føreslåtte lovendingane om innføring av ein lovheimel om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar og innføring av ein lovheimel om kollektiv ulukkesforsikring for elevar.


Inger Øvsthus Tønder


Birthe Haugen

Vedlegg: Fylkeutvalssak 330/06 høring – forslag til endringer i opplæringslova og friskolelova



Arkivsak 200202684-52
Arkivnr. 540
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.11.2006
Fylkesutvalet	06.12.2006

HØYRING-FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG FRISKOLELOVA

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har i skriv datert 30. oktober sendt på høyring forslag til endringar i opplæringslova og friskolelova. Forslaga tek for seg endringar på følgjande område:

- Lovregulering av reklame i skolen.
- Innføring av ein heimel om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar.
- Innføring av ein heimel om kollektiv ulukkesforsikring for elevar.

Fylkesrådmannen er samd i at det ikkje skal vera reklame i skolen, men det kan vere vanskeleg å praktisere dette fullt ut. I skolen er det både "direkte" og "indirekte" reklame. Den indirekte reklamen er det vanskeleg å verna seg mot, til dømes reklame på automatar, mjølkekartongar o.l. Derfor meiner fylkesrådmannen det er viktig at Kunnskapsdepartementet kjem med ei rettleiar for korleis reklameforbodet skal praktiserast.

Noreg knyter stadig meir internasjonale kontaktar på fleire plan. Dette gjeld m.a. utanlands arbeidskraft i Noreg. Fylkesrådmannen støttar difor departementet sitt forslag om å opna for godkjenning av private skolar det er ei bilateral mellomstatleg avtale om oppretting av eit slikt tilbod.

I Hordaland har vi avtale om kollektiv ulukkesforsikring for elevane, og fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet sluttar seg til dei føreslåtte lovendingane:

1. Lovregulering av reklame i skolen. Men vil peike på at det er viktig at Kunnskapsdepartementet utviklar ein rettleiar med utfyllande reglar for korleis skolane skal praktisere lovheimelen.
2. Innføring av ein lovheimel om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar
3. Innføring av ein lovheimel om kollektiv ulukkesforsikring for elevar.

Paul M Nilsen

Svein Erik Fjeld

Vedlegg: Høring-Forslag til endringer i opplæringsloven og friskoleloven med høringsnotat

Kunnskapsdepartementet har i skriv datert 30. oktober sendt på høyring forslag til endringar i Opplæringslova og friskolelova. Forslaga tek for seg endringer på følgjande område:

- Lovregulering av reklame i skolen
- Innføring av ein heimel om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar
- Innføring av ein heimel om kollektiv ulukkesforsikring for elevar.

Lovregulering av reklame i skolen

Opplæringslova eller forskrift til opplæringslova har i dag ikkje noko direkte forbod mot reklame i lærebøker eller andre læremidlar. Det er skoleeigar sitt ansvar å vurdere kvaliteten i lærebøkene. Reklame er heller ikkje regulert i friskolelova.

Ingen av dei andre nordiske landa har lovregulering av reklame i skolen, men har retningslinjer eller rettleiingar om marknadsføring og sponing i skolen. Finland og England har retningslinjer som er retta både mot skolen og bedrifter som ønskjer å sponse skolane. Føremålet er å oppnå ei etisk og restriktiv haldning blant sponsorar, og også hos skoleleiarar. Forbrukerombudet i Finland har utarbeida retningslinjene som tek utgangspunkt i lovverket for forbrukarrettar og marknadsføring.

I Danmark har Forbrukerstyrelsen gitt ut ei rettleiing som i hovudsak er retta mot bedrifter som ønskjer å sponse skolar. Denne omtalar m.a. trong for samtykke frå foreldre, omfanget av sponsoren sitt namn i undervisningsmaterieil, grenseoppgang mellom sponing, reklame og oppfordringar til kjøp av produkt.

I Sverige har Konsumentverket, saman med skoleverket og kommuneforbundet, ei rettleiing for å utarbeide lokal policy for sponing i skolen. Rettleiinga skisserer kva innhald skolen eller kommunen sin lokale policy bør ha, kva krav dei bør stille til sponsorar, og praktisk forslag til skriftleg avtale med næringslivet.

Barn og unge er utsett for kommersielt press på ulike arena og på ulike måtar. Sjølv om omfanget av marknadsføring i skolen i dag ikkje er stort, er barn og unge ei attraktiv målgruppe. Nybergutvalget peika mellom anna på at skolen kanskje er den einaste arena i barn og unge sitt liv kor det offentlege framleis har ein stor grad av handlefridom for å lage premisser for oppvekstmiljøet.

Ei variert og aktuell opplæring krev i dag hjelpemidlar som aviser, magasin, tidsskrift og internett, kor det også vil vere reklame. Eit for kategorisk og altomfattande forbod mot reklame i skolen er difor ikkje aktuelt. Det vil by på problem å trekke grenser for heimelen, og det vil også kunne føre til uønskja begrensingar på samarbeidsrelasjonane mellom skole og næringsliv, og på partnerskap mellom skole og lokalt arbeids- og næringsliv.

Departementet er opptatt av å få ei lovregulering som i størst mogleg grad kan skjerme elevane mot uønskja reklame og uønskja påverknad, samsundes som skolen må kunne bruke ulike læremidler og læringsarena, og samarbeide med ulike partar i nærmiljøet. Ein lovheimel må då pålegge skolen ei plikt til å syte for at elevane ikkje vert utsett for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtfærd og verdiar, mellom anna på skolen sitt område, i lærebøker og læremiddel generelt. Skoleleiarar og lærarar er dei nærmaste til å ta fornuftige vurderingar av hva som er uønskja og skadeleg påverknad på elevane. Slike vurderingar vil vere ulike, avhengig av alder på elevane. Samtundes er dette tema som også bør drøftas med elevane, i skolen sine rådsorgan og med elevande sine føresette.

Forlag til ny lovregulering om reklame i skolen:

§ 9–6 Om reklame i skolen

Skolen skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

I privatskoleloven skal ny § 7-1A lyde:

§ 7-1A Om reklame i skolen

Skolen skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdiar, mellom anna på skolens område, i lærebøker og andre læremiddel som blir nytta i opplæringa. Departementet kan gi nærmare forskrifter

Dei vidaregåande skolane i Hordaland er i utgangspunktet reklamefrie sonar. Det er fylkesrådmannen sin oppfatning at skoleleiarane har ei bevisst haldning til om reklame som elevane vert utsett for, kan skape kommersielt press eller i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdiar.

Ei lovregulering om reklame i skolen vil føre til at vi får likt regelverk på området. Men fylkesrådmannen er av den meining at det kan verte vanskeleg for skoleleiarane å halde seg til den foreslåtte lovreguleringa avdi den opnar for stor grad av vurdering fra den enkelte skoleleiar. Departementet foreslår i si høyringsuttale at lovheimelen vert supplert med ein rettleiar om reklame, sponing og andre salsfremmjande tiltak i skolen. Det er svært viktig med ein slik rettleiar slik at skoleleiarane får utfyllande reglar for korleis dei skal praktisere lovheimelen.

Innføring av ein heimel om godkjenning av vidaregåande skolar basert på bilaterale mellomstatlege avtalar

Internasjonalt samarbeid innanfor mellom anna næringsliv og handel fører til at utanlandske familier med barn i skolepliktig alder samt ungdom med rett til vidaregåande utdanning er busett i Norge. Desse barna og ungdommane kan vanlegvis ikkje norsk når dei kjem til Norge. Fleire blir også buende i landet i relativt kort tid. Nokre få land har difor valt å etablere skolar i Norge som er basert på læreplaner i heimlandet, slik at opplæringa for barna og ungdommene skal bli best mogeleg og utan avbrot. Fleire av skolane er også opne for norske statsborgarar. Tilboda er viktige bidrag til internasjonalt samarbeid innanfor kultur, språk, utdanning og næringsliv. Opplæringa gjev innsyn i landa sin kultur og er eit verdifullt supplement til den offentlege skolen.

Det går frem av opplæringslova § 2-12 at private grunnskolar må være godkjent av departementet, og grunnskoler som oppfyller minimumskrava i bestemmelsen har rett til slik godkjenning. Opplæringsloven § 2-12 åpner for godkjenning av norske, internasjonale og utenlandske skoler, og kombinasjonar av desse. På vidaregåande skole sitt nivå er det fri etableringsrett. Det er likevel bare vidaregåande skolar som driv si verksemd etter opplæringslova eller friskolelova som kan setje standpunktarakterar og skrive ut vitnemål for fullført og greidd vidaregåande opplæring. Godkjenning av eit vidaregåande skoletilbod basert på eit anna land sin læreplan eller ein kombinasjon av norsk læreplan og et annet land sin læreplan, slik at skolen kan skrive ut norsk vitnemål, kan difor ikkje verte tildelt heimel i gjeldande lovverk.

Departementet ser at det kan vere ønskjeleg å leggje til rette for godkjenning av enkelte tverrkulturelle vidaregåande tilbod som er basert på bilaterale mellomstatlege avtalar etter opplæringslova. Med eit tverrkulturelt vidaregåande tilbod meiner ein skolar som tilbyr opplæring etter ein læreplan som er basert på ein kombinasjon av to nasjonale læreplanar. Eit slikt tilbod vil kunne opne for at elevane etter fullført skolegang får både norsk vitnemål og vitnemål fra vedkomande land.

Det forslås derfor innført ein heimel i opplæringslova som opner for at departementet kan godkjenne private vidaregåande skolar der det er ein bilateral mellomstatleg avtale om opprettinga av eit slikt tilbod. Det vert foreslått å ta inn ein heimel som regulerer dette i kapitel 3 i opplæringslova, som ny § 3-11.

Forslag til lovtekst

§ 3-11 Private vidaregåande skoler

Departementet kan godkjenne ein privat vidaregåande skole når det ligg føre ein bilateral mellomstatleg avtale om dette. I samband med godkjenninga kan departementet gjere unntak frå krava i opplæringslova, og forskrift gitt i medhald av lova.

Fylkesrådmannen støttar departementet sitt forslag til ny lovheimel.

Innføring av ein heimel om kollektiv ulukkesforsikring for elevar.

Elevar i offentleg grunnskole og vidaregåande skole er i dag obligatorisk yrkesskadedekka etter folketrygdloven § 13-10. Barn i skolefritidsordninga vert og dekkja, men ikkje barn i barnehager. Dei fleste skoleslag er omfatta. Blant vilkåra som er stilt er at skaden skjer i undervisningstida og på undervisningsstaden. Dekninga gjeld også på skoleturar, ekskursjonar og idrettsdagar i regi av skolen. Den gjeld ikkje på skolevegen, men den gjeld under organisert transport i regi av skolen, til dømes med skolebuss.

Det følger av folketrygdloven § 5-25 at dekninga er avgrensa til full utgiftsdekning, til dømes til lege, tannlege, legemiddel, hensiktsmessige hjelpemiddel til å avbøte skadefølgjen samt transport heim. Dersom en stor ulukke skjer slik at eleven til dømes får sett ned fremtidig inntektsevne og blir ufør, får eleven uførepensjon etter reglane i folketrygdlova. Det vert ikkje ytt eigen yrkesskadedekning utover ordinær utgiftsdekning.

Elevar er ikkje omfatta av lov 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskedeforsikring. Ordninga som er obligatorisk, gjeld i all hovudsak personskadar påført arbeidstakarar i teneste hos arbeidsgivarar. Elevar er ikkje rekna som arbeidstakarar i skolen eller skoleeigar sin teneste. Elevar som er yrkesutplassert, lærlingar og lærekandidatar er i all hovudsak omfatta av reglane om yrkesskedeforsikring på lik linje med andre arbeidstakarar.

Det er også etter folketrygdloven sine reglar mogeleg å få meinerstatning. Jfr folketrygdlova § 13-17 (om meinerstatning ved yrkesskade). Eit vilkår er at eleven blir påført varig og betydeleg skade av medisinsk art.

Mange elevar er i tillegg dekkja av kollektive forsikringsordningar som fylkeskommunar og kommunar har teikna. Ei spørjeundersøking til kommunar og fylkeskommunar avdekkja at samtlege fylkeskommunar og om lag 85 % av kommunane har kollektive forsikringsordningar. Ordninga er frivillig og kjem i tillegg til ytingar frå folketrygdlova.

Hordaland fylkeskommune har ei slik kollektiv forsikring. Forsikringa gjeld og på skolevegen men bare dersom det ikkje er avbrot i reisa til dømes ved at eleven er innom ein butikk på veg til eller frå skolen.

Stortinget har ved fleire høve pekt på uretten ved den ordninga der det er opp til den enkelte kommune/fylkeskommune å teikne kollektive ulukkesforsikringsordningar for elevane. Departementet ønskjer difor snarast råd å imøtekomme Stortinget sitt uttrykte ønskje om rettferd slik at alle elevar, uavhengig av bustad, har lik forsikringsmessig dekning ved ulukker. Ei lovpålagd kollektiv ulukkesforsikring kan også gjelde skade skolevegen. Slik dekning er det ikkje i trygdelovgivingen.

En obligatorisk kollektiv ulukkesforsikring kan også gje tryggleik for elevar og føresette. Desse er då ikkje prisgitt økonomiske og andre høve i enkelte kommunar og fylkeskommunar. Dersom det vert innført obligatorisk kollektiv ulukkesforsikring for alle elevar, må det for å oppnå like vilkår også være tilnærma same dekningsnivå for alle. Dekningsnivået bør vere på nivå med reglane om yrkesskadar etter folketrygdlova, til dømes til dekning av behandlingsutgifter og meinerstatning.

Det er mogeleg å avhjelpe uretten i det systemet vi har i dag, på anna vis enn gjennom lovpålagt kollektiv ulukkesforsikring. Til dømes kan den enkelte kommune og fylkeskommune sjølv få vurdere om den vil stå som sjølvvassurandør eller velje ei forsikringsordning. Departementet har bede om høyringsinstansane sitt synspunkt på dette. Etter fylkesrådmannen sin meining vil ei lovpålagt kollektiv ulukkesforsikring vere det beste, då er alle partar heilt trygg for at det er like vilkår

uavhengig av bustad Dessutan kan det for små kommunar få store økonomiske konsekvensar dersom det skjer ei ulukke og kommunen er sjølvassurandør.

Departementet kan også sjå for seg at ordninga med kollektiv ulukkesforsikring også skal gjelde for studenter ved høyskoler og universitet, vaksne som får grunnopplæring, elevar ved friskolar eller private skolar, barnehagebarn, eventuelt også elevar i andre skoleslag. Høyringa er avgrensa mot desse persongruppene, men departementet ber om høringsinstansane sitt syn på om ordninga også bør omfatte friskolane.

Fylkesrådmannen meiner at elevar ved friskolar så langt råd er, skal ha dei same rettar som elevar i den offentlege skolen. Det er difor naturleg at friskolane får same pålegg som dei offentlege skolane når det gjeld kollektiv ulukkesforsikring.

Kollektive forsikringsordningar mot ulukker dekkjer normalt ikkje yrkessjukdom. Det er mogleg å utvide ordninga til å inkludere yrkessjukdom. Men dersom yrkessjukdomar vert inkludert i ordninga med pliktig kollektiv ulukkesforsikring, vil faren vere til stades for at uhøvesmessig mange skader, karakterisert som yrkessjukdom, vert meldt til forsikringsselskapa. På denne bakgrunn er det frå departementet foreslått ei avgrensning mot yrkessjukdomar.

Elevar som er yrkesutplassert, lærlingar og lærekandidatar vil derimot ha dekning for yrkessjukdomar gjennom ovennevnte lov av 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring.

Forslag til lovheimel:

*§ 13-3b Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørgje for ulukkesforsikring
Kommunen og fylkeskommunen plikter å sørgje for ulukkesforsikring for elevane.
Departementet gir nærmare forskrift om ulukkesforsikring.*

Kommentarar til ny § 13-3 b i opplæringslova:

Heimelen pålegg kommunane og fylkeskommunane ein plikt til å teikne ulukkesforsikring for elevar i kommunale og fylkeskommunale skolar. Det er teke inn ein forskriftsheimel med tanke på nærmere regulering av felles ordningar på området, til dømes dekningsnivå, forsikringssummar, regulering i høve grunnbeløpet i folketrygda og minimumsbeløp.

Fylkesrådmannen sluttar seg til forslaget om at det vert innført kollektiv ulukkesforsikring for elevar i kommunale og fylkeskommunale skolar. Friskolane bør også få pålegg om teike ulukkesforsikring for elevane.